

Fra: Camilla Stavnes[camillastavnes@gmail.com]

Mottatt: 02.09.2026 14:45:21

Til: Postmottak Samnanger; Jan Erik Boge; Karl Kollbotn[postmottak@samnanger.kommune.no; jan.erik.boge@samnanger.kommune.no; karl.kollbotn@samnanger.kommune.no]

Kopi: Øyvind Strømmen[oyvindstrommen@gmail.com];

Tittel: Interpellasjon: samarbeid med Ukraina

Hei,

Sender med dette en interpellasjon til førstkommende kommunestyremøte:

Interpellasjon - samarbeid med ukrainsk kommune

Russland si fullskalainvasjon av Ukraina 24. februar 2022 har hatt omfattande humanitære, økonomiske og politiske konsekvensar, både for Ukraina og internasjonalt. Den tryggingsspolitiske situasjonen i verda har blitt meir uroleg og uforutsigbar. Endringane stiller nye krav til kommunuane sin evne til omstilling, samfunnstryggleik og beredskap. Våren 2026 vart arbeidet med heilskapleg ROS lagt fram i Samnanger, og kommunen står overfor fleire komplekse problemstillingar knytt til førebygging, krisehandtering og motstandskraft. På fleire av desse områda har ukrainske kommunar opparbeidd seg verdifull erfaring gjennom dei ekstraordinære utfordringane dei har stått i dei siste åra.

Kommunenenes Sentralforbund (KS) arbeider aktivt, gjennom sitt Ukraina-nettverk, med å knyte norske og ukrainske kommunar saman gjennom vennskaps- og samarbeidsavtalar. Eit strategisk samarbeid med ein ukrainsk kommune vil kunne gi gjensidig læring og erfaringsutveksling innan mellom anna beredskap, krisehandtering og kommunal utvikling. Samarbeidet kan òg leggje grunnlag for kontakt og aktivitet innan skule, kultur- og organisasjonsliv.

Samnanger har teke imot over 100 ukrainske flyktningar sidan 2022. Per desember 2025 budde det 93 ukrainske flyktningar i kommunen. Dei er verdsette medlemmar av lokalsamfunnet og bidreg til å oppretthalde folketalet i kommunen. Språkkompetansen, erfaringane og kontaktnetta til dei ukrainske innbyggjarane i Samnanger vil vere ein viktig ressurs både i val av samarbeidskommune og i utviklinga av eit langsiktig og relevant samarbeid.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber rådmannen om å etablere samarbeid med ein ukrainsk kommune.